

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 22.01.2007
Sakhandsamar: Gjertrud Jacobsen
Saka gjeld: **Tilrettelegging av spesialisthelsetenestetilbodet i Bergensområdet**

Arkivsak
2003/428/310
Styresak 010/07 B

Styremøte 14.02. 2007

Bakgrunn:

Helse Vest RHF etablerte i 2003 i samarbeid med Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale sjukehus AS (HDS) eit prosjekt for å sjå på oppgåvedelinga mellom Haukeland universitetssjukehus (HUS) og HDS. Det blei utarbeid ein rapport med kortsiktige og langsiktige tiltak. Det var semje om dei kortsiktige tiltaka, men usemje om deler av den langsiktige strategien. Av dei langsiktige tiltaka var det semje om å samle akuttkirurgien på HUS og styrke indremedisin ved HDS, men usemje om felles akuttmottak for indremedisin på HUS. Rapporten har vore behandla i alle aktuelle styre.

Styret i Helse Vest RHF behandla rapporten i 30/04 og fatta følgjande vedtak:

Vedtak (enstemmig) :

- 1. Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale sykehus AS iverksetter de foreslåtte kortsiktige tiltak for faglig forbedring og økonomiske besparelser.*
- 2. Helse Vest RHF viderefører arbeidet med konkretisering av langsiktig modell. Dette skjer i nært samarbeid med Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale sykehus AS.*
- 3. I langsiktig modell inngår samling av all akuttkirurgi ved Haukeland universitetssykehus.*
- 4. Som ledd i dette arbeidet forutsettes gjennomført nødvendige tilleggs-utredninger/konsekvensanalyser.*
- 5. Samlet utredning av langsiktig modell vil bli forelagt styret ved Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale sykehus AS til uttalelse før endelig vedtak i Helse Vest RHF.*

Styret i Helse Vest RHF blei seinare orientert om status for arbeidet med denne saka i styremøte 24. februar 2006 under administrerande direktør si orientering.

I løpet av hausten 2005 og våren 2006 har Helse Vest RHF hatt prosessar med HDS og Helse Bergen HF for å følgje opp styrevedtak 30/04 omtala over. Ut i frå dette er det utarbeid ei prinsippskisse for tilrettelegging av spesialisthelsetenestetilbodet i Bergensområdet.

På denne bakgrunn vert det lagt fram sak for styret i Helse Vest RHF. Det vil og bli lagt fram tilsvarande sak for styra i Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale sykehus AS.

Kommentarar:

Skisse for tilrettelegging av spesialisthelsetenestetilbodet i Bergensområdet

Hausten 2005/våren 2006 har det vore gjennomført ein eigen prosess for å fastlegge kva for oppgåver HDS skal ha innan ortopedi der fagfolk frå begge sjukehusa har delteke. Det er mellom anna semje om at all akutt kirurgi skal til HUS og at ein skal auke dagkirurgisk aktivitet ved HDS.

Våren 2006 blei det vidare arrangert eit seminar der ein samla aktuelle fagfolk frå HDS og HUS innan det indremedisinske fagområdet for å drøfte framtidig arbeidsdeling mellom dei to sjukehusa. Representantar frå brukarutvala ved dei to sjukehusa deltok og på seminaret.

I den langsiktige strategien som blei lagt til grunn i styresak 30/04 var det usemje om eit felles akuttmottak for indremedisin i Bergensområdet på HUS. Partane har i prosessen kome fram til at det vil være hensiktsmessig at HDS framleis skal ha eit akuttmottak innan indremedisin. Samstundes er det presisert at dei alvorligaste sjuke og pasientar som treng høgspesialisert medisin går til HUS. Elles er dei forslaga som er lagt fram i tråd med den langsiktige strategien.

På bakgrunn av prosjektarbeidet innan ortopedi, og seminaret om indremedisin har Helse Vest utarbeida ei prinsippskisse for tilrettelegging av spesialisthelsetenestetilbodet i Bergensområdet på sikt (2010 – 2012). Skissa følgjer vedlagt.

Skissa gir ein overordna plan for korleis arbeidsdelinga skal være mellom dei to sjukehusa på sikt. Dei endringane som det vert lagt opp til i skissa skal skje innan vedtekne ressursrammer. HUS og HDS må i samarbeid vidareutvikle og tilpasse sjukehusa til desse oppgåvene. Ein sentral føresetnad er utbygginga som skjer i Helse Bergen, mellom anna nytt akuttmottak og styrka intensivfunksjonar. Arbeidet må og sjåast i samanheng med HDS sine planar for utbygging av sjukehuset.

Leiinga i Helse Bergen HF og ved HDS har slutta seg til denne skissa.

Brukarutvalet i Helse Vest RHF har i sak 13/06 handsama prinsippskissa og har fatta følgjande vedtak:

Det regionale brukarutvalet anbefalar prinsippskissa utarbeid av Helse Vest, der det mellom anna går fram at indremedisinske pasientar vert fordelt på HUS og HDS etter definert opptaksområde. Dei alvorlegaste sjuke pasientane skal tilvisast direkte til HUS.

Helse Vest inviterte aktuelle kommunar i Hordaland til eit møte for å orientere om vedlagte prinsippskisse for korleis ein skal tilrettelegge spesialisthelsetenestetilbodet i Bergensområdet. Det var imidlertid så liten interesse for møtet at det blei avlyst.

Styrevedtak frå Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale sykehus AS vedrørande denne saka vil bli ettersendt.

Oppsummering

Vedlagte forslag for tilrettelegging av spesialisthelsetenestetilbodet i Bergensområdet er etter administrerande direktør si oppfatning eit godt grunnlag for vidare og meir detaljert planlegging. Den vil og gje Helse Vest RHF grunnlag for å delta i planarbeidet vedrørande utbygging ved HDS. Vidare er dette ein samarbeidsmodell som vil integrere dei to nabosjukehusa på ein tettare og betre måte både fagleg og administrativt enn i dag. Skissa er godt forankra ved begge sjukehusa og brukarutvalet i Helse Vest RHF har slutta seg til den. Administrerande direktør vil derfor tilrå styret i Helse Vest RHF å slutte seg til vedlagte prinsippskisse for tilrettelegging av spesialisthelsetenestetilbodet i Bergensområdet.

Forslag til vedtak:

Styret i Helse Vest RHF legger vedlagte prinsippskisse til grunn for tilrettelegging og utvikling av spesialisthelsetenestetilbodet i Bergensområdet.



Tilrettelegging av spesialisthelsetenestetilbudet i Bergensområdet – prinsippskisse

Prinsippskissa gjeld tilrettelegging av tenestetilbudet i Bergensområdet slik det skal utviklast. Skissa gjev Helse Bergen HF/Haukeland universitetssjukehus (HUS) og Haraldsplass Diakonale Sjukehus (HDS) retning til å utvikle og tilpasse sjukehusa til dei oppgåvene dei skal ta seg av i framtida.

1. All akuttkirurgi til HUS
2. Elektiv kirurgi og auka dagkirurgi ved Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS).
3. Arthroskopisk kirurgi og protese kirurgi som elektive satsingsområde innan ortopedi ved HDS
4. Etablering av eit prøveprosjekt "Ortogeriatriisk behandlingslinje" ved HDS 2007-2010 (primært retta inn mot brot i eller nær lårhalsen hos eldre)
5. Lokalsjukehusfunksjon (akutt og elektiv) for indremedisin ved HDS med geografisk opptaksområde
 - a. Akuttmottak tilpassa dette.
Unntak: Dei alvorligaste sjuke og pasientar som treng høgspesialiserte tenester (jf. pkt 7) går til HUS
 - b. Opptaksområdet må sjåast iht. befolkningsutviklinga.
6. Satsing på geriatri og palliativ medisin ved HDS
7. Eitt akuttmottak for dei alvorligaste akutt sjuke og pasientar som etter avtale treng akutte høgspesialiserte tenester ved Haukeland universitetssjukehus (HUS), knytt til
 - a. Høgspesialisert intensivavdeling, og med
 - b. Felles AMK-sentral som koordinerande instans (som i dag)
8. Det skal etablerast eit formalisert fagleg samarbeid på dei områda der HUS og HDS har ein felles funksjon. HUS har ansvaret for å etablere og drive samarbeidet (fagleg systemansvar) Arbeidet med styrking av det faglege samarbeidet startar i 2007.